



Stian Stall
Stallavegen 146
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3900 - 15/36507

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.12.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 7/10 Stall

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.11.15.

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til eksisterande einebustad på eigedom gbnr. 7/10.

Planstatus

Eigedom ligg i uregulert område som i kommuneplanen for 2011-2023 er definert som LNF-føremål. For bygging av tilbygg til bustadføremål må det liggje føre dispensasjon frå LNF-føremålet innan det kan gjevast byggeløyve. Det er i nemnde kommuneplan opna for at det kan gjevast dispensasjon for denne typen tiltak, jf. pkt. 5.6 i nemnde kommuneplan.

«Det kan gjevast dispensasjon for mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a og tilleggsareal inntil 200 m² på eksisterande bustadeigedomar når samla utbygging er innafor grensene fastsett under, tiltaket ikkje er til vesentleg ulempe for omsyna bak LNF-føremålet og føremonene elles er klart større enn ulempene. Bygd areal (BYA) bør ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus bør ikkje oversige 400 m². Etter ubygging bør det vere att eit minste uteopphaldsareal (MUA) på 200 m² per bueining. Maksimal gesimshøgde bør ikkje overstige 6,0 m og maksimal mønehøgde 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng.»

Vidare ligg eigedomen i område som i kommuneplanen er definert som omsynsone fareområde for skred jf. pkt 7-3 i kommuneplan;

«Faresone skred markerer område som kan vera utsett for snøskred, steinsprang eller jordskred. Ved utarbeiding av reguleringsplan og ved søknad om tiltak etter pbl §§ 20-1 bokstav a, b, d, g, j, k, l og m samt 20-2 bokstav b og c, skal det gjerast ei vurdering av risiko for ras. Vurderinga skal omfatta både potensielt utløyingsområde og utlaupsområde og om naudsynt skal det nyttast geologisk kompetanse. Dersom det vert avdekkja risiko, må tilstrekkeleg sikkerheit mot ras dokumenterast før det kan gjevast løyve til tiltak. Heimel: Pbl § 11-8 tredje ledd bokstav a.»



Omsøkt tiltak krev ei vurdering av risiko for ras.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan.
2. Vurdering av rasfare frå geolog.
3. Dispensasjonssøknad må nabovarslast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.02.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stian Stall

Stallavegen 146

5993

OSTEREIDET